



Pål kunne vise fram fortidas smøring

Skigruppa hadde eit høgst matnyttig tiltak i bakkant av foreldremøtet i kveld - eit minikurs i smøring av ski ved Pål Haugland som i høgste grad kan kunsten. Ikkje berre beherskar han dagens smøreteknikk, han kan også som eit kuriosum presentera eit knippe med smøring frå tidlegare tider. Dei var avanserte allereie då. På ein av dei museale boksane vert det til og med presisert at den er for svenskeføre!



Smørelæraren i aksjon i kveld

Haugland ga millom anna råd om lengda på ski og stavar. I klassisk skal stavane vera 30 centimeter stuttare enn kroppslengda og i fristil 20 centimeter stuttare lengre enn kroppen. Om smøringa og kva ein eigentleg treng sa han dette:

Sikling, børste, strykejern, litt smøring, gul glider 0- 10, raud +1- -4

Voks: Blå ekstra (-2--8) VR 55 (rundt 0 grader) VR 60 (fuktig snø)

Klister: Universal, raudt klister

Før rennet skal ein børste med bronsebørste, smelte inn dagens glider og kjøle ned i 10-15 minuttar, børste med bronsebørste att (no er fristilskia ferdige) og så for klassisk leggja på festevoks og gni ut med kork. Det er best med fleire tunne lag.

GOD TUR!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Du klarar deg godt med desse, seier Pål Haugland